

Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 27.april 2021

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 27.april 2021 kl. 17.00-19.00.
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Kaffi:	Oddbjørg K. Løkling
Opning:	Ingebjørg R. Grønsdal

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Innkalla: Oddbjørg K. Løkling, Heine Kaldefoss, Marta Kristin Valvatne, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Marit S. Grimstad, Jørgen Knudsen (geistleg representant), Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Kristine Wiersen, Randi Bod Haugsdal, Ståle Betten

Forfall: Heine Kaldefoss, Kristine Wiersen, Ståle Betten

SAKLISTE

2022/18- 012.1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent med desse tilføyningane:

Sak 2021/22-120: Økonomirapport pr 26.4.2021

Sak 2021/23-130: Revisjonsmelding 2019 frå KPMG

Sak 2021/24-217: Rapport frå arbeidsgruppa knytt til frivillig teneste

2021/ 19- 012.1: Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 24.mars 2021

Vedtak: Godkjent

2021/20 - 360: Mandat for utvala

Saksutgreiing:

Nysæter sokneråd har nokre underutval som er ein forlenga arm frå soknerådet ut i kyrkjelyden. Nysæter sokn har gudstenesteutval, diakoniutval, trusopplæringsutval og arbeidsutval. Utvala er tett knytt opp mot dei tilsette i staben. Mandata til dei einskilde utvala skal seie noko om kva fokus dei skal ha og kva mål dei skal jobbe mot. Mandatet til arbeidsutvalet i Nysæter vart vedteke 15.februar 2020 og skal ikkje handsamast på dette møtet. Diakoniutval og trusopplæringsutval er felles for begge sokna.

Vedtak: Møta i trusopplæringsutvalet og diakoniutvalet vert normalt lagd til same tid og stad. Då kan ein arbeida slik det er mest tenleg samla eller separat. Nysæter sokneråd vedtok mandata slik dei vart lagd fram i møtet.

Vedlegg

2021/21-310 Gudstenesteplanen for hausten 2021

Saksutgreiing: Gudstenesteutvalet har utarbeidd ein plan for gudstenestene haust 2021.

Vedyak: Soknerådet godkjenner planen slik han vart lagd fram i møtet.

2021/22-120: Økonomirapport pr 26.4. 2021

Vedtak: Soknerådet tek økonomirapporten til vitande.

Møteprotokoll frå Nysæter sokneråd 27.april 2021

Sak 2021/24-217: Rapport frå arbeidsgruppa knytt til frivillig teneste- drøffing

Oddbjørg Løkling presenterte arbeidet i arbeidsgruppa så langt ut frå rapporten som var utsendt med sakspapira.

Vedtak: Soknerådet støttar arbeidet som er gjort og kom med følgjande kommentarer:

Ynskjer at begrepet frivillig vert brukt

Støttar fokusområda frivilliggruppa har valt

Ha fokus på TRIVSEL hos frivillige

Ha fokus på å dyktiggjera frivillege

Kan me ha ei «fadderordning» i starten av eit engasjement?

Kvalitetssikring/ frivilligkontrakt

Kva legg me i omgrepet «oppfølging» som er nemnd i alle mandata?

Politiattest , teieplikt: kven har ansvar for at dette vert jobba med?

Referat og meldingar

1. Møtebok frå fellelrådesmøtet 14.april
2. Møtebok frå Stord sokneråd
3. Møtereferat Gudstenesteutval 20.april
4. Referat frå TOL 25.april

Generell info:

- a. Kyrkjelege aktivitetar framover
- b. Smittevern
- c. Aktivitetsdag/kyrkjekaffi/ NMS-innsamling Valvatna gard 2.mai 12.30- 14.30
- d. Orientering – tilsetting: Ingvild Baugstø Almås er tilsett og har teke mot stillinga som Medarbeidar i trusopplæringa

Marit Stalheim Grimstad
Soknerådsleiar
Sign

Oddbjørg K. Løkling
Nestleiar /referent
Sign

Neste møte i soknerådet vert 27.april kl. 17.00

Kaffi: Katrine Valvatne Kvernenes

Opning: Marit Stalheim Grimstad